

Slik brukar du FRAM sitt nye system for bestillingstransport

Denne vegleiaren gjeld per no for Ørsta/Volda flyplasstransport og Haram.

Bestillingsfristar

Bestillingsfristane kan variere litt frå rute til rute. Sjå frammr.no/Bestillingstransport for meir informasjon.


Merk! Du kan ikkje bestille tidlegare enn 7 dagar før du skal reise.

Viss det oppstår eit problem

Har du spørsmål om bestillingstransport, kan du kontakte FRAM Kundesenter på telefon 71 28 01 00 i opningstida, kvardagar 08.00-16.00 eller bruke kontaktskjema på nettsida frammr.no.

Velje språk

Du kan velje mellom norsk og engelsk språk på bestillingssida. For å bytte språk, veljer du «Gå vidare» og deretter «Min konto og support». Her kan du velje mellom norsk og engelsk.




Lagre bestillingssida som ein «app» på telefonen

Du kan enkelt legge til FRAM bestillingstransport som en «app» på telefonen din.

På Iphone


1. Opne frammr.no i ein nettlesar, vel dei tre linjene øvst til høgre for å opne menyen og vel Bestillingstransport.
2. Vel den blå boksen for aktuelt område.
3. Vel deleknappen på din iPhone.



4. Vel «Legg til på Hjem-skjermen», gi sida eit namn og vel «Legg til» øvst i høgre hjørne.

På android (Samsung etc.)


1. Opne frammr.no i ein nettlesar, vel dei tre linjene øvst til høgre for å opne menyen og vel Bestillingstransport.
2. Vel den blå boksen for aktuelt område.
3. Vel dei tre prikkane øvst i høgre hjørne for å opne menyen.



4. Vel «Legg til på startssiden» og «Legg til».

Bestille tur

1. Gå inn på frammr.no og vel Bestillingstransport i menylinja øvst på nettsida.
2. Klikk på den blå boksen for det området som er aktuelt for deg.
3. Vel «Gå vidare».
4. Vel «Ny bestilling».



5. Klikk i feltet der det står «Velg hvor du ønsker å reise fra».

6. I feltet skriv du byrjinga på ei adresse eller ein busshaldeplass du ønsker å reise frå.

I eksempelet under har eg tenkt å reise frå Ørsta-Volda lufthamn. Når eg skriv inn Ørsta-Volda, kjem alternativet Ørsta-Volda lufthamn (busstopp) Ørsta opp som eit alternativ og eg klikkar på alternativet for å velje det.

7. Når feltet for kor du vil reise frå er utfylt, kjem det opp eit felt der du skal skrive kor du ønsker å reise til. Klikk i feltet og skriv starten på den adressa eller busshaldeplassen du vil reise til.


I eksempelet har eg tenkt å reise til Dalevegen 2 i Ørsta. Eg skriv Dalevegen og då kjem det opp ei liste over alle vegar med namnet Dalevegen i Møre og Romsdal. (Dette kan ta nokre sekund, men vent til lista kjem opp før du gjer noko meir.)


Klikk på riktig gatenamn.


Ny bestilling


Ørsta-Volda lufthamn (busstopp), Ørsta


Reise til dalevegen | Nummer


Mosmarkvegen Dalevegen (busstopp), Ørsta 

Dalevegen, 6213 TAFJORD 

Dalevegen, 6270 BRATTVÅG 

Dalevegen, 6200 STRANDA 

Dalevegen, 6230 SYKKYLVEN 


Dalevegen, 6153 ØRSTA 

8. Skriv deretter inn ønska gatenummer og når riktig adresse kjem opp som eit alternativ i liste, klikkar du på den riktige adressa.

Ny bestilling

Ørsta-Volda lufthamn (busstopp), Ørsta

Reise til dalevegen | Nummer 2


Dalevegen 2, 6153 ØRSTA 

9. Klikk i feltet «Har du spesielle behov» for å velje å bli henta heime (når du skal reise frå heimen til ein annan stad) eller om du brukar rullestol.

Regelen for Svipp er at du blir henta heime viss reisa di går frå heime til ein annan stad, men dette kan variere frå rute til rute, så vel «Hent ved dør» for å vere sikker på at du blir henta heime når det er aktuelt.

Der det er mogleg å få rullestoltransport, vil du kunne velje dette. Per i dag er ikkje transport med rullestol tilgjengeleg på alle ruter, men det er noko vi jobbar med å få på plass.

Når du har valt «Hent ved dør» og eventuelt «Rullestol» der dette er tilgjengeleg, kilkkar du på streken over alternativa for å lukke området for spesielle behov.




10. Vel kor mange passasjerar som skal reise.
11. Klikk på «Velg tidspunkt og dato» for å velje den datoen og det tidspunktet du skal reise.

Første gong du gjer ei bestilling, vil du få beskjed om å logge inn. Du må du skrive inn ditt mobiltelefonnummer, krysse av for at du godtar vilkåra for bruk og be om å få ein eingongskode.

Logg inn

Du vil få en SMS med en kode for å bekrefte telefonnummeret ditt.



Jeg godtar [vilkår for bruk](#)


Send engangskode

Når du legg inn eingangskoden, er du registrert som brukar av systemet. Du blir og beden om å legge inn namnet ditt. Det er frivillig, men for å kunne gje deg best mogleg service, er det nyttig om du legg det inn.

Vel deretter «Registrer».

No kan du fortsette å velje riktig dato for reisa di.

avreise | ankomst



< Jan 2023 >

Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
26	27	28	29	30	31	1
2	3	4	5	6	7	8
9	10	11	12	13	14	15
16	17	18	19	20	21	22
23	24	25	26	27	28	29
30	31	1	2	3	4	5

12. Når du har valt dato, kjem dei aktuelle moglegheitene opp. Vel det alternativet du ønsker og vel «Fortsett».

 Tirsdag 03. Januar 2023

Velg hentetidspunkt:

20:55 


23:55 


 Vi henter deg mellom 20:55 og 21:10

Fortsett

Merk! Bestillingsturane har ei retning. Viss du har valt ei retning som det ikkje finns alternativ for, vil du få opp ei melding som ber deg bytte til eit anna alternativ.


Ny bestilling

 Ørsta-Volda lufthamn (busstopp), Ørsta


 Dalevegen 2, 6153 ØRSTA

••• Har du spesielle behov?

avreise | ankomst

 Denne turen kan du ikke velge ankomsttidspunkt, velg avgang i steden for.

13. Sjekk at bestillinga ser riktig ut og vel «Bekreft bestilling». Viss noko er feil, kan du gå tilbake til tidlegare bilde eller avbryte prosessen ved å bruke knappane øvst i bildet.




Når du har bekrefta bestillinga, får du opp ei oversikt over din neste tur. Du kan gjere fleire bestillingar, eller velje «Lukk» for å gå ut av bestillingssystemet.

Du vil få ein sms om at bestillinga di er mottatt med hentetidspunkt. Når bestillingsfristen for den aktuelle turen er passert, vil du få ein ny sms med ei endeleg bekrefting.


Du vil og få ei melding når bilen er på veg. Det er viktig at du er klar når bilen kjem.


Din konto

Når du har registrert deg i bestillingssystemet, blir det laga ein konto for deg.

✕
Avbryt


Min konto


 Anne Knutsdotter|


 99999999

Mine neste turer →

Mine tidligere turer →

Last ned min info 

Slette konto? 

Logg ut 

Språk

Norsk Engelsk

Om FRAM Bestillingstransport

Fleksibel bestillingstransport er eit kollektivtilbod som berre køyrer når nokon har bestilt.


Her har du moglegheit til å sjå dine neste turar, dine tidlegare turar og gjere andre val relatert til kontoen din.

Kansellere eller endre di bestilling


Viss du vil avbestille ein tur, går du inn på din konto på bestillingssida. Vel «Mine neste turer» og deretter «Avbestill».

Mine neste turer


Tirsdag 03. Januar 2023


 **Vi henter deg Tirsdag 03. Januar**
Ørsta-Volda lufthamn (busstopp) Ørsta

↓

 **Vi kjører deg til**
Dalevegen 2, 6153 ØRSTA

1 passasjer

 Takk for din bestilling. Vi henter deg på adressen Ørsta-Volda lufthamn (busstopp) tirsdag 3. jan mellom 20:55 og 21:10. Hilsen FRAM.

 Avbestill

Viss du vil endre ei bestilling, må du avbestille den opprinnelege bestillinga og deretter lage ei ny bestilling.